

Stabeldammen – ein gong til

Kommunedirektøren ber om at Stabeldammen blir regulert til handelspark. Naturvernforbundet i Møre og Romsdal vil kort fortelje kvifor det er ein dårlig ide. Lokallaget vil supplere dette.

Handelssentra eit stykke frå der folk bur fører til meir køyring og meir utslepp. Særleg uheldig blir det viss ein samtidig tømmer bysenteret for butikkar og arbeidsplassar. Utbygginga av handelshus på Løkkemyra burde ha vore stoppa for nokre år sidan. Dette er grunn god nok for å seie nei til utbygging av Stabeldammen. Då Statsforvaltaren handsama klaga på førre reguleringsvedtak, var dette eit viktig tema.

Det er alt nokon som bur i området ved Stabeldammen. Det er lagt til grunn at storspove driv næringssøk i området. I løpet av sommaren er det dokumentert hekkande storspove. Storspove er sterkt truga (EN). Det er mogleg at kommunen har gløymd å sjekke siste statusen for storspova.

Regulanten meiner elles at storspova kan få tilbod om plass ved Gløsvågen/myrene aust for flystripa. Det er ikkje slik det går føre seg i naturen. Viss fuglen skal ha det bra, må nok storspova ha tilgang både til Gløsvågen, myrene og Stabeldammen, og sjølv velje beste alternativ. Det er dessutan fleire artar som bruker så gode areal som Stabeldammen. Saka rører ikkje berre ved ein art, men eit heilt økosystem.

Tilrettelegging slik at fiskemåke kan få gode hekkeplassar er også eit tema. Det kunne ha vore prøvd ut i år, så kunne ein ha blitt sikrare på at tiltaket kunne gjennomførast. Mykje tyder på at tilrettelegging for friluftslivet i det statleg innkjøpte arealet kan verke negativt i dette spørsmålet.

Å snu opp ned på ei myr er dårlig for klimaet. Det har vi lært meir om dei seinare åra. Ein ting er å herje med torva slik at karbonet slepp ut i samband med gravearbeidet. Samtidig vil ein også øydelegge «fabrikken» som kvart einaste år samlar karbon og fyller opp i «myrbanken».

Noreg har skrive under på Naturavtala, avtala som blei skriven under i Montreal for ikkje så lenge sidan. Der har vi lova å verne 30% av naturen vår og restaurere ytterlegare 30% innan 2030. Kristiansund kommune har til no verna 0,18 % av sitt areal. Her kan kommunen setje i gang ver neprosessar sjølv, eller vente til staten gjer noko med saka. For politikarar som har lyst til å bestemme slike ting lokalt, er det no eit godt høve. Bystyret kan med fordel den 29.8.24 seie nei til handelsparken. Deretter kan dei be kommandirektøren starte opp vernearbeid med sikte på at Stabeldammen får utvikle seg som våtmark utan omfattande inngrep.

Øystein Folden,

Fylkessekretær, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal